



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1447 - 18/7580

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
14.05.2018

Byggesak Gbnr 45/465 Manger - dobbel garasje - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 114/2018

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i saka datert 10.08.2017. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiknivå, men kommunen har identifisert attståande arbeid som følgjande:

- Ferdigstilling av VVA-anlegg Selfallet bustadfelt (mellombels bruksløyve er gitt 19.02.2010.)

Det kan derfor ikkje gjevast ferdigattest, men eit mellombels bruksløyve med varigheit på eit år.

Skildring:

Adresse:	Selfallet 123
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Garasje/300682530
Bruksareal:	46,6 m ²

VEDTAK:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for garasje på gnr. 45 bnr. 465 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 14.05.2019.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan

fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole-Kristian Hellesøy	Rehøyen 19	5936	MANGER
Ragnhild Smith	Rehøyen 19	5936	MANGER

Mottakere:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
-------------	------------	------	----------